Hardanger

Hardanger Ungdomsråd
... med auge for framtida!

Innkalling : **HARDANGER UNGDOMSRÅDSMØTE**
Dato: Onsdag 25.11.2015
Stad: Hardangerrådet i Kinsarvik
Tid: 10.00 – 14 .30

AGENDA:
10 00 Hardanger Ungdomsråd
Konstituering og sakshandsaming
11 30 Lunsj
12 15 HU rådsmøte fortset

**HU-sak 17/15** **Konstituering Hardanger Ungdomsråd 2015/2016**
**HU sak 18/15** **Møteplan 2016**
**HU-sak 19/15** **Årshjul for Hardanger Ungdomsråd**
**HU-sak 20/15** **Evaluering Hardanger Ungdomsting.**
Kva no? Vigen vidare
**HU-sak 21/15** **Orienteringssaker**

- Informasjon frå deltkarane på nettverkssamlinga for ungdomsråd i Hordaland
- Tannhelsestruktur oppdatering på saka
- Aktivitetshelg 2016. Kven vil arrangera den?
- Nytt «Aktiv ungdom» -prosjekt ?

**HU-sak 21/15** **Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

**Forfall må meldast:**
**Hardangerrådet v/Trude Rinaldo**
**tlf 53 67 14 50**
**mail: trude@hardangerraadet.no**
**Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.**

Hardangerrådet / Kinsarvik 19.11.2015
Trude L. Rinaldo

Konsulent Hardangerrådet

## HU-sak 17/15 Konstituering

Saksvedlegg: Vedtektene til Hardanger Ungdomsråd

Saksutgreiing:
Val av møteleiar. Hardangerrådet held sekretær.
Gjennomgang av vedtektene til Hardanger Ungdomsråd.
Val av leiar og nestleiar i Hardanger Ungdomsråd 2015/2016

**Framlegg til vedtak:**
……. er vald til leiar for Hardanger Ungdomsråd i 2015/2016
…….. er vald til nestleiar for Hardanger Ungdomsråd i 2015/2016

## HU sak 18/15 Møteplan 2016

Representantane ønskjer å føgja felles møteplan til Hardangerrådet. Her er forslag til møteplan for Hardanger Ungdomsråd 2016.

Saksvedlegg: Felles møteplan for Hardanger med Hardanger Ungdomsråd

**Framlegg til vedtak:**
Møteplan 2016 for Hardanger ungdomsråd:

| | |
|---|---|
| 21.01.2016 | HU i Ulvik |
| 11.02.2016 | HU i Kvam |
| 28.04.2016 | HU i Jondal |
| 03.11.2016: | HU med Konstituering & Hardanger Ungdomsting i Kvam |
| 17.06.2016 | HU på Voss med aktivitet |
| 27.-28.08.2016 | Kvar ? Aktivitetshelg |
| 08.12.2016 | HU i Odda |

## HU-sak 19/15 Årshjul for Hardanger Ungdomsråd

Kan me laga ein heilårs møteplan for alt med HU, der me legg inn forslag til datoar kvart år, men har ein årleg rytme? Me føl felles møteplan fro Hardangerrådet så godt som rå er etter ønskjer frå medlemmane

**Framlegg til vedtak:**
Forslag til Årshjul for Hardanger Ungdomsråd:

| | |
|---|---|
| Konstituerande møte | Oktober |
| Hardanger Ungdomsting | November |
| Rådsmøter | Januar, Februar Mars/April ( Kan 1 av desse møta vera med overnatting? ) |
| Avsluttande rådsmøte med aktivitet | Juni (for eksempel Vindparken på Voss) |
| Aktivitetshelg | August med vertskommune/herad |

## HU-sak 20/15 Evaluering Hardanger Ungdomsting. Kva no?

**Vedlegg:**
Oppsummering frå Ungdomstinget i Eidfjord ved Inga Skavhaug
Tilbakemelding frå ungdomsråd om ungdomstinget i Eidfjord
Avisoppslag i Hordaland
Ung medverknad i kommunereforma, publisert av Distriktssenteret

Korleis tar me arbeidet frå Hardanger Ungdomsting i Eidfjord vidare?

Ungdom som KRAFT
Ungdom må få vera med å BESTEMMA
Ungdom kan PÅVIRKA
Ungdom har viktige MEININGAR
Ungdom for FRAMTIDA

Kan de førebu:
Kva vil de? Og korleis skal me få det til?
Kva erfaring har de i dykkar råd i dag – kva erfaring ønskjer de å få med dette arbeidet?

KOMMUNEREFORM SAKA:
Kva har de vore med på? Har de vore på kommunestyremøte?
Har ordføraren eller andre informert på ungdomsrådsmøte om kommunereforma?
Vert ungdommen høyrt på i kommunereformsaka?
Kva vil ungdommen med kommunereforma?

**HU-sak 21/15** **Orienteringssaker**

- **Informasjon frå deltakarane på nettverkssamlinga for ungdomsråd i Hordaland** vedlegg: Invitasjonen
- **Tannhelsestruktur oppdatering på saka**
- **Aktivitetshelg 2016. Kven vil arrangera den?**
- **Nytt «Aktiv ungdom» -prosjekt ?**

**HU-sak 22/15** **Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

Hardangerrådet iks

Hardanger

# Vedtekter for Hardanger Ungdomsråd

## Godkjende i Hardangerrådet 12.02.2010

**§ 1 Mandat, føremål og oppgåver**
1.1 Hardanger Ungdomsråd er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i Hardanger.

1.2 Føremål
- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i Hardanger.
- Vera eit forum for utveksling av erfaring i dei kommunale ungdomsråda.
- Å vera orientert om dei viktigaste sakene i Hardanger, gjennom å få tilsendt saksdokument.
- Å vera eit overordna organ for alle ungdomsråda i Hardanger i saker som vedkjem dei unge.
- Setje søkelys på å skapa identitet til Hardanger, og på ungdomsfråflyttinga.
- Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom.
- Tilretteleggja arenaer der ungdom generelt i Hardanger får uttale seg om saker.

1.3 Hardanger Ungdomsråd sine oppgåver er m.a.:
- Å vera ein møteplass for ungdomsråda i Hardanger.
- Å fordele midlar til tiltak av interesse for ungdom.
- Å styrka det samfunnsmessige engasjementet blant born og unge i Hardanger.
- Å skapa møteplassar for ungdom i Hardanger.
- Å etablera ordningar kring arrangement og aktivitetar som vedkjem born og unge.

**§ 2 Funksjonstid og samansetjing**
2.1 Val
- I Hardanger Ungdomsråd sit medlemmer frå alle ungdomsråda i Hardanger.
- Kvart ungdomsråd skal stilla med leiar som representant og varamedlem møter etter særskild innkalling.

2.2 Konstituering
- Hardanger Ungdomsråd konstituerer seg sjølv, dvs at leiar og nestleiar vert valde av dei unge.
- Sekretærfunksjonen vert lagt til Hardangerrådet sitt sekretariat

**§ 3 Kontaktperson**
Hardangerrådet oppnemner ein kontaktperson til Hardanger Ungdomsråd. I tillegg til kontaktpersonen er det ynskjeleg at rådsordførar i Hardangerrådet deltek på Hardanger Ungdomsråd sine møter.

3.1 Hardanger Ungdomsråd ynskjer at Kontaktpersonen sine oppgåver er:

- Hjelpa ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontaktnett med kommunane.
- Syrgja for at saksdokument i aktuelle saker vert sendt til medlemmene og varamedlemmene i Hardanger Ungdomsråd minst ei veke før ungdomsrådsmøta.
- Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet.
- Ha ansvar for opplæring.

**§ 4 Møteverksemd**
4.1 Møte

- Hardanger Ungdomsråd skal ha minst 6 møte pr år. Ellers kan rådet ha møter etter behov. Møta skal gå på omgang mellom kommunane/herada.

4.2 Referat

- Det skal førast referat over Hardanger Ungdomsråd sine møte.

4.3 Sakskunnskap

- Hardanger Ungdomsråd kan invitera politikarar, administrasjon eller andre til rådsmøta for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.

4.4 Møteplan

- Hardanger Ungdomsråd skal setta opp sin eigen møteplan for kvart år. Den skal sendast til Hardanger Ungdomsråd sine medlemmer og alle kommunane i Hardanger.

**§ 5 Dagsorden**

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av referat
4. Statusrapport – økonomi
5. Behandling av saklista
6. Ymse

Årsmelding og rekneskap skal liggja føre og godkjennast på siste møte i skuleåret. Arbeidsplan med saker til oppføljing for neste år, skal leggjast ved protokollen.

**§ 6 Val**
6.1 Val

- Val av leiar og nestleiar følgjer skuleåret med val seinast 1.oktober.

**§ 7 Evaluering av vedtektene**
Vedtektene skal takast opp til vurdering av Hardanger Ungdomsråd minst annankvart år, med fyrste vurdering mot slutten av fyrste periode, og godkjennast av Hardangerrådet.

Skuleruteferiane er slik:

| | | |
|---|---|---|
| Joleferie | Veke 52/01 | 22/12 – 04/01 |
| Vinterferie | Veke 8 | 22/02 – 26/02 Odda, Ullensvang, Granvin, Ulvik, Eidfjord |
| Påske | Veke 12 | 21/03 – 28/03 |
| Vinterferie | Veke 13 | 29/03 – 01/04 Jondal, Kvam |
| Pinse | Veke 20 | 15/05 – 16/05 |
| Sommarferie | Veke 26/33 | 20/06 – 19/08 |
| Haustferie | Veke 40/41 | 03/10 – 14/10 |

**Møteplan 2016.**

| 2016 | Jan | Feb | Mar | Apr | Mai | Jun | August | Sep | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Regionrådet Representant-skapet Hardanger konferansen** | **Torsdag 14.<br><br>Granvin** | | **Torsdag 31.<br><br>Ullensvang Årsmøte** | **Torsdag 28.<br><br>Jondal** | | **Torsdag 16.<br><br>Odda** | | **Torsdag 15.<br><br>Ulvik** | **Torsdag 27.<br><br>Kvam** | ***Torsdag 09-10. Regionalt Næringsfond Eidfjord*** | **Torsdag 15.<br><br>Odda** |
| **Hardingtinget<br><br>Hardanger-konferansen** | | **Torsdag 11.<br><br>Kvam** | | | | | | | | **Torsdag 09-10.<br><br>Hardanger-konferansen Eidfjord** | |
| **Rådmanns-forum** | **Torsdag 14.<br><br>Granvin** | | | **Torsdag 28.<br><br>Jondal** | | **Torsdag 16.<br><br>Odda** | | **Torsdag 15.<br><br>Ulvik** | **Torsdag 27.<br><br>Kvam** | **Torsdag 09-10.<br><br>Hardanger-konferansen Eidfjord** | **Torsdag 15.<br><br>Odda** |
| **Styret i HR** | | **Torsdag 18.** | **Torsdag 31.<br><br>Ullensvang Årsmøte** | | | **Torsdag 9.** | | | **Torsdag 20.** | | **Torsdag 8.** |
| **Hardanger Ungdomsråd** | **Torsdag 21.<br><br>Ulvik** | **Torsdag 11.<br><br>Kvam** | | **Torsdag 28.<br><br>Jondal** | | **Fredag 17.<br><br>Voss -med aktivtet** | **Laurdag-Søndag 27.-28.<br><br>Kvar ?<br><br>Aktivitets-helg siste** | | | **Torsdag 3. Kvam<br><br>HU rådsmøte Konstituering & Hardanger Ungdomsting** | **Torsdag 8.<br><br>Odda** |

Hardanger

Hardanger Ungdomsråd
... med auge for framtida!

# Oppsummering frå verkstad på

# Hardange Ungdomsting





## Økt 1: Kvifor, lyst til å få til, utfordringar




| **Kvifor** |
|---|
| Vil ha noke å seie lokalt<br>Da hørtes interessant ut<br>Påverke politikken |
| Litt kjekt å prøve noko nytt<br>Det virka interessant å ve med UR, ve med å bestemme<br>Eg ville vere med å engasjere meg<br>Engasjere, ha innflytelse på ungdomspolitikk |
| Fordi det virka kjekt |

| |
|---|
| Fordi eg kan påverka<br>Fordi eg ville gjera noko med skysstilbodet<br>Fordi eg ville lære meir om politikk |
| For å påverka politikken<br>Følgja med i politikken i samfunnet<br>Politisk interessert<br>Meir aktivitet og fritidstilbod for unge<br>Bidra og medverka i lokalpolitikken |
| Få større sjanse til og få si meininga. Verte høyrt<br>Høyrest kjekt ut og vere med i ungdomsrådet |

| **Lyst til å få til** |
|---|
| Innflytelse på lokale saker som angår ungdommen<br>Eidfjord – attraktiv plass å bu<br>Oppretthalde lokale tenester<br>Oppretthalde og skape nye lokale tilbod for unge<br>Fleire/ betre idrettstilbod |
| Betre kollektivtilbod<br>Oppretthalde eit godt tenestetilbod<br>Skapa engasjement<br>Arrangement for ungdom på tvers av bygdene<br>«Utekontakten» - halde fram med det tilbodet |
| Ein meir aktiv skulekvardag<br>Ung jobb<br>Paintballklubb<br>Aktiv ungdomsklubb<br>Få betre tilbod for ungdom! |
| Få fleire ungdommar sosiale<br>At alle blir høyrt, ingen dømming<br>Crossbane, betre psykisk helsevern |
| |

| **Utfordringar** |
|---|
| Oppretthalde lokale tenester og tilbod |
| Få fram meiningane våre til politikarane<br>Få nok opplæring<br>Setje av nok tid til ungdomsrådet<br>Ha god kontinuitet |
| Tidkrevjande<br>Må gjennom mange ledd, få mange med på forslaga<br>Økonomi<br>Blir ikkje tatt seriøst |
| Få alle til å bli høyrt<br>At ungdommen snakkar til oss, alle blir høyrt<br>Plukke ut det realistiske. Prioritere det som er viktig og som er greitt å få gjennomført. |
| |

## Økt 2: Kommunen i dag, ny kommune, utfordringar




### Kommunen i dag

| **Bra i dag** | **Ikkje så bra** |
|---|---|
| Kulturskuletilbod<br>Stipendtilbod<br>Ungdomskortet + refusjon<br>Idrettstilbod<br>Skulen<br>Fritidstilbod<br>busstilbod | Styrkerommet<br>Lyspærer i ballbingen<br>ballbingen |
| God barne- og ungdomsskule<br>Ungdomsklubb<br>God idrettsplass<br>Gode turmoglegheiter<br>Godt miljø<br>Gor eldreomsorg<br>God barnehage<br>Tannlege<br>Brannvesen<br>ambulanse | Ikkje noko psykisk helsetilbod<br>Ikkje så bra idrettsmoglegheiter (kun fotball)<br>Økonomi<br>Crossbane (dårleg motorsport)<br>Kommunale vegar<br>Helsesøstertilbod<br>Politi |
| Fritidstilbod<br>Bra ungdomsarrangement<br>Ungdomsråd | Busstilbod<br>Ferjetilbod<br>Hordatun idrettspark<br>Skulehelsteteneste |
| Godt og stabilt tilbod knytt til psykisk helse hjå ungdommen<br>Godt vedlikehald av vegar og offentlege plassar i nærmiljøa | Begrensa kollektivtilbod på kveldstid og i helger<br>Dårleg økonomi |
| Det er trygt<br>Alle kjenner alle<br>Ingen mobbing<br>Godt idrett tilbod<br>Kulturtilbod<br>Variert natur | Vegar<br>Økonomi<br>Fritidstilbod<br>Politikarar har lite engasjement i sakar som angår ungdommen.<br>Dårleg lærartilbod |

## Ny kommune

| Moglegheiter | Utfordringar |
|---|---|
| Felles ungdomsskule<br>Utvikling | Behalde det gode tilbodet<br>Kulturskuletilbodet<br>Stipendtilbodet<br>Ungdomskortrefusjon<br>Lokalpolitikarar |
| Fleire vennar, meir sosial<br>Fleire idrettsmoglegheiter<br>Ønske om variert fellesskap for skulen (for vgs) | Meir mobbing<br>Økonomi<br>Kollektivtransport<br>Trygg skuleveg |
| Kanskje betre økonomi<br>Namn: Ullensvang (60 talet : Eidfjord i Ullensvang) | Færre offentlege tenester i nærområdet<br>Navn |
| Større fagmiljø<br>Meir solid økonomi | Lange avstandar mellom bygdene<br>Fare for sentralisering |
| Betre økonomi<br>Betre skuletilbod<br>Betre aktivitets- og fritidstilbod | «Utrygt»<br>Vanskelig å fordele jobbar<br>Kor skal u-skulen og småskulen vere?<br>Kor skal sjukeheimen vere?<br>Kven skal behalde jobben som ordførar?<br>Langt mellom bygdene |



## Hardanger i framtida




| |
|---|
| Attraktivt utelig<br>God barnehagedekning<br>Kulturtilbod<br>Kunstnarmiljø og kulturskule<br>Gode helsetenester<br>Trygge skulevegar<br>Kvam + Jondal + Odda <3<br>Arbeidsplassar<br>Idrett<br>Lokale vidaregåande skular |
| God skule + barnehagar<br>Null mobbing<br>God SFO<br>Båthavn<br>Godt miljø<br>God helsesøstertilbud<br>Større og meir sosial ungdomsklubb<br>Betre brannvesen<br>Politi<br>Ungdomshuset meir brukt<br>Ungdomsskule<br>Større skule<br>Bibliotek<br>Bensinstasjon<br>4G<br>Gode vegar |

| |
|---|
| Fiskebrygger<br>SFO<br>UFU<br>Legekontor<br>Fint treningsstudio<br>Strikkecafe<br>Jaktlaget<br>Kulturskulen<br>Museum<br>Gardsbutikken<br>Crossbane<br>Leikeplasser<br>Fisk i havet<br>Bra breiband<br>Fiber<br>Jordbruk<br>Tannklinikk<br>Sentralt<br>Strand/ brygge/ kai<br>Ungdomsråd<br>Langrenn og alpinanlegg<br>Lokale arbeidsplassar<br>God eldreomsorg<br>Gode idrettsmoglegheiter |
| Betre sikring av Trolltunga. Netting<br>Turisme<br>God økonomi<br>Ferjetilbod<br>Gode skular (lærarar)<br>Busstilbod<br>Skulehelseteneste<br>Eldreomsorg |
| Gode aktivitets- og fritidstilbod<br>Sosialt samfunn<br>Fleire arbeidsplassar<br>Fleire butikkar (ikkje matbutikkar)<br>Politi og brannvesen og helsevesen<br>Bankar i bygdene<br>Akuttmottak i nærområdet<br>Betre distriktspolitikk<br>Betre fagtilbod<br>Eldreomsorg |
| Ungdomsskule<br>Hardangervidda tunnell<br>Motorcrossbane<br>Fellesskap<br>Samarbeid mellom kulturskulane<br>Betre vegar i Hardanger<br>Togbane mellom Ulvik og Eidfjord via Simadal (festa til Bergen- Oslo?) |

## Kahoot




1. Synes du det er viktig at ungdom får medverke i utviklinga av kommunen?

| Ja | Nei | Veit ikkje |
|---|---|---|
| 21 | 1 | 1 |

2. Kva er den viktigast grunnen til at ungdom får medverke?

| Ungdom har viktig kunnskap kommunen treng | Alle har rett til å bli høyrt | Veit ikkje | Ungdom har andre prioriteringar |
|---|---|---|---|
| 5 | 15 | 1 | 4 |

3. Kvar kan kommune og politikarar får høyre ungdom si meining?

| Elevråd | Ungdomsråd | Veit ikkje | Spørje foreldra |
|---|---|---|---|
| | 25 | | 1 |

4. Ønskjer du å vere med og meine om kommunereforma?

| Ja | Nei | Veit ikkje |
|---|---|---|
| 25 | 1 | |

5. Kva er den viktigast grunnen til at ungdom bør høyrast om kommunereforma?

| Ungdom er framtida | Ungdom har andre prioriteringar | Veit ikkje |
|---|---|---|
| 23 | 4 | 1 |

## Involvèr det regionale ungdomsrådet

På Hardanger Ungdomsting i oktober 2015 diskuterte de nyvalgte ungdomsrådene en rekke temaer, blant annet kommunereformen. Hardanger har et regionalt ungdomsråd og arrangerer årlig Hardanger ungdomsting hvor ungdomsrådene deler ideer og innspill.

### Arbeidsverksted

Før arbeidsverkstedet presenterte Ingebjørg Winjum, ordfører i Granvin, og Jon Larsgård, ordfører i Jondal, statusen for kommunereformarbeidet i Hardanger. Etterpå diskuterte ungdomsrådene saker de ønsker å jobbe med, utfordringer og muligheter i egen kommune og i Hardanger som region i fremtiden.  Alt fra buss- og fergetilbud, utvikling av ungdomsklubber, sommerjobber og kommunegrenser var tema. Dette er relevante innspill til plan- og utviklingsarbeidet i regionen, og i prosessene knyttet til kommunereformen.

Her er dreieboken for verkstedet og oppsummering fra gruppearbeidene. (LINK TIL DOKUMENTENE).

Det er ulike meninger om kommunereformen i ungdomsrådene, og flere har gjort seg refleksjoner om prosessen. Enkelte påpeker at de vet for lite om saken, at de har blitt lovet å få bli med i arbeidet, men at det ikke har skjedd noe.

Se avisopplag i avisa Hordaland: Vil vera med å bestemme.

På Hardanger Ungdomsting møtte fem av sju ungdomsråd. De to siste hadde ikke rukket å konstituere seg. I tillegg deltok nyansatt daglig leder for Hardangerrådet, Jostein Eitrheim og flere ungdomskontakter og ordførere og rådmenn fra regionen.

### Prosessen videre i Hardanger

Hva skjer videre?

Ordfører i Jondal, Jon Larsgård, utfordret ungdomsrådene til å komme med innspill om hvordan de ønsker å bli involvert i arbeidet med kommunereformen i kommunene og regionen.

### Hardanger ungdomsråd

Hardanger ungdomsråd ble for første gang konstituert i februar 2010 i Odda, og består av lederne i de sju ungdomsrådene. Det er et partipolitisk uavhengig organ som fungerer som et talerør for ungdom i hele regionen. Hardangerrådet erfarer at ungdom som har vært med senere blir aktive politisk, og enkelte har blitt valgt inn i kommunestyrene.

Vedtekter for Hardanger Ungdomsråd

Tilbakemelding til Inga marie – distriktssenteret – hardanger ungdomsting

Var det nyttig?

- Ja, me får jobba med andre, og høyra litt kva andre råd meiner. Me syns og det var nyttig informasjon frå distriktsenteret.

Kva fungerte bra?

- At me fekk små pausar innimellom, og at ikkje føredraga holdt på for lenge.

Kva skulle vore gjort anleis?

- Inkludert ungdommane når det gjaldt føredrag av administrasjon ang kommunestruktur.
- Me skulle ha blanda råda, slik at me fekk nye impulsar frå andre, og små diskusjonar i små grupper.

Evt. Andre tankar og innspel?

- Det bør bli ein tradisjon at me gjer dette minst ein gong i året, om ikkje to.

UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Alle ungdomsråd i Hordaland

Dato: 17.08.2015
Vår ref.: 2014/560-183
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.:

# Invitasjon til nettverkssamling 21.-22. november til alle ungdomsråd i Hordaland

**21. og 22. november** vert det arrangert nettverkssamling for ungdomsråd og ungdommens kommunestyre i Hordaland ved **Quality Edvard Grieg Suitell**. I den anledning har Ungdommens fylkesutval gleda av å kunne invitere **2 personer** frå dykkar Ungdomsråd/Ungdommens kommunestyre til å delta. Dersom kommunen din ikkje har eit ungdomsråd kan to representantar frå kommunen delta.

Målet for samlinga er samarbeid mellom ungdomsråda og Ungdommens fylkesutval, men tema vil vere utdanning. I tillegg vil samlinga ha fokus retta mot førebuing til Ungdommens fylkesting som vert arrangert i februar.

Eigenandelen er 1500 kr per deltakar. Dette dekker alt unntatt reise til og frå. Fristen for påmelding er 1. oktober, og må gjerast gjennom denne linken: http://kurs.hfk.no/Kurs-og-konferansar/2015/Ungdommens-fylkesting-Nettverkssamling/.

Dersom du ønskjer å kome med innspel til programmet kan det sendast til ungdommens.fylkesutval@hfk.no. For praktisk informasjon, ta kontakt med Ingeborg Borgen Takle, ingeborg.borgen.takle@hfk.no.

Ungdommens fylkesutval ønskjer dykk ein god start etter ferien og ser fram imot å sjå de på nettverkssamlinga.

Agnes Hoshovd Bernes
Leiar

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Hordaland fylkeskommune**
Kommunikasjonsseksjonen- Øk og Org avd

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
**www.hordaland.no**

Org.nr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. 5201 06 74239

Miljøfyrtårn